



Til Kommunal- og forvaltningskomiteen

Stortinget

Innsatsen for forskingsbasert innovasjon må styrkast, ikkje avviklast

I framlegget til statsbudsjett for 2026 føreslår regjeringa å avvikle FORREGION – Mobilisering til forskningsbasert innovasjon. I ei tid der behovet for omstilling og styrka konkurransekraft er større enn nokosinne, treng vi verkemiddel for omstilling og innovasjon over heile landet. Å avvikle verkemiddel som nettopp bidreg til dette, vil ha store, negative konsekvensar.

Noreg står overfor store omstillingsutfordringar. Næringslivet i alle delar av landet må auke konkurransekrafta si. Draghi-rapporten understrekar at forskning er avgjerande for Europa si framtidige konkurransekraft. Perspektivmeldinga framhevar at innovasjon og omstilling må prege utviklinga av framtidas arbeidsplassar, og at forskning og utviklingsarbeid (FoU) er avgjerande for at norske bedrifter skal hevde seg internasjonalt over tid.

Noreg har ein geografisk spreidd og differensiert næringsstruktur, med mange små og mellomstore bedrifter som har ulik erfaring med forskings- og utviklingsarbeid. Rapporten om regionale utviklingstrekk ([KDD 2025](#)) viser at det er store regionale skilnader i FoU-verksemnda til næringslivet, og at den i stor grad er konsentrert til dei sentrale områda i landet.

Den førre regjeringa la i 2024 fram ein strategi for å auke næringslivet sine investeringar i forskning og utvikling. Strategien understrekar at eit meir kunnskapsintensivt næringsliv på sikt er avgjerande for å lukkast med omstillinga og sikre velferdsstaten framover. Strategien peikar på at dei offentlege verkemidlane for å stimulere næringslivet sin FoU-innsats må vere effektive og mobilisere breitt.

Brandtzæg-utvalet utgreidde tiltak for å styrke distriktnæringslivet i NOU 2020:12. Dei meinte at nasjonale ordningar ikkje er tilstrekkelege for å omstille og vidareutvikle næringslivet i heile landet. Utvalet tok difor til orde for å trappe opp den regionale innsatsen for at næringslivet i distrikta skal bruke meir forskingsbasert kunnskap i eiga utvikling, gjennom samarbeid med forskingsmiljø.

Tid og økonomi til å delta i FoU-arbeid, kan vere ei barriere for mange bedrifter. Små og mellomstore bedrifter manglar ofte kapasitet og ressursar til å arbeide systematisk med FoU, og til å orientere seg mot forskingsmiljø som kan bidra. Forskingsinstitutta jobbar i stor grad med anvend forsking, og har gode føresetnader for å bidra meir til å støtte næringslivet sine FoU-behov.

Ut frå at bedriftene har ulike erfaring med FoU, er det viktig å ha ei verkemiddeltrapp med differensierte verkemiddel, som treff bedrifter sine ulike behov og modenheit når det gjeld FoU, og som stimulerer til samarbeid mellom bedrifter og forskingsinstitusjonar. I nokre tilfelle kan mobilisering og forprosjekt vere nødvendige steg på vegen mot eit større FoU-prosjekt.

Saman med regionale forskingsfond, som vart avvikla i samband med statsbudsjettet for 2024, har FORREGION utgjort det første trinnet i verkemiddeltrappa for å styrke FoU i næringslivet.

FORREGION finansierer mindre forprosjekt der bedrifter får si første erfaring med å samarbeide med ein FoU-partnar, og har bidrege til å løyse ut mange større satsingar som har fått finansiering frå Forskingsrådet, EU og privat kapital.

I FORREGION kan bedrifter få gratis råd frå ein kompetansemeklar til å avklare behov for forsking, moglege finansieringskjelder og aktuelle forskingspartnarar. Det blir også lyst ut midlar til mindre forskings- og utviklingsprosjekt. I tillegg opnar ordninga for hospitering, både ved at ei bedrift kan låne ein forskar i ein periode, eller at tilsette i ei bedrift kan ha eit opphald ved ein forskingsinstitusjon for å få kunnskap og knyte kontaktar som er viktige for bedrifta. FORREGION opnar også for å arrangere FoU-møte for fleire bedrifter for å avklare korleis forsking kan bidra til å løyse felles utfordringar i ei næring.

I 2024 vart det løyvd 60,2 mill. kroner til FORREGION. Programmet bidrog til at om lag 1800 verksemder fekk kompetansemekling dette året, noko som mellom anna resulterte i 400 søknader med bidrag frå kompetansemekling til regionale, nasjonale og internasjonale program for forskingsfinansiering. I tillegg er det gjennomført 146 forprosjekt, 40 mobilitetsprosjekt og arrangert 114 nettverksmøte, som bidreg til å auke næringslivet si deltaking i FoU-prosjekt i dei ulike fylka.

Dei regionale forskingsinstitutta er sentrale aktørar i dei regionale innovasjonssystema i ulike delar av landet. Gjennom forskningssamarbeid med næringsliv og offentleg sektor, bidreg vi til innovasjon, verdiskaping og berekraftige samfunn i regionane vi er ein del av. FORREGION har sidan ordninga vart etablert, vore eit avgjerande viktig verkemiddel for oss i samarbeidet med bedrifter for å løyse deira forskingsbehov.

Vi oppmodar på det sterkaste medlemmene av Kommunal- og forvaltningskomiteen til å arbeidet for å behalde FORREGION.

Sogndal, Ålesund, Bodø, Bø og Fredrikstad, 23.10.2025

Med helsing

Anne Karin Hamre

Direktør Vestlandsforskning

Ailin Aastvedt

Direktør Telemarksforskning

Andrè Wallan Larsen

Direktør Nordlandsforskning

Agnes Gundersen

Direktør Møreforskning

Kari-Anne Lyng

Direktør NORSUS